



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 01.10.2014
Tidspunkt: 13:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Før møtet vert det planlagt å gjennomføra bedriftsbesøk hjå AS Storeholmen og Nordheimsund Industri AS. Tidspunkt for bedriftsbesøket vert sett til frå kl. 09.00 til ca. kl. 12.00. Det vert omvisning og orientering om dei to bedriftene. Deretter vert det retur til kommunehuset i Samnanger for avvikling av ordinært kontrollutvalsmøte.

Det vert sendt ut nærare tidsplan for bedriftsbesøket og gjort avtale om praktiske ting som t.d. felles transport og tidspunkt for avreise frå Samnanger til Øystese.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Jens Harald Abotnes
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 19/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 21/14	Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskapar		2014/397
PS 22/14	Orienteringssak om tilleggsløyvingar 2014 og finansrapport 2. tertial 2014 - den økonomiske situasjonen		2014/231
PS 23/14	Orienteringssak om varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørende belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet		2014/234
PS 24/14	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015		2014/230
PS 25/14	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune		2014/235
PS 26/14	Vidare arbeid med prosjekt ut frå plan for forvaltningsrevisjon		2014/228
PS 27/14	Meldingar		
RS 9/14	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap		2014/234
RS 10/14	Rekneskapsoversyn kontrollutvalet sitt budsjett pr. 24.09.14		2014/230
RS 11/14	Meldingar - referatsaker frå kommunestyremøte 07.05.14		2014/225
RS 12/14	Melding om nytt styrevervregister		2014/237
RS 13/14	Status pr. aug. 2014 etter selskapskontroll Business Region Bergen		2014/227
RS 14/14	Partsbrev vedr. tinging prosjektplan etter plan for selskapskontroll Kvam herad		2014/229
PS 28/14	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 29/14	Eventuelt		

PS 19/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 20/14 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/397-1
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	21/14	01.10.2014

Orienteringssak om arbeid med prosjektrekneskapar

Bakgrunn for orienteringssaka:

Frå siste møte i kontrollutvalet er det ført i protokollen:

«Det vart teke opp at i årsmeldinga for Samnanger kommune for 2013 kjem det fram at det vil bli utarbeida prosjektrekneskap for nokre byggeprosjekt. Kontrollutvalet ber om å få orientering om / få seg førelagt aktuelle prosjektrekneskapar.

Vedtak: Kontrollutvalet ber om å få orientering om arbeid med prosjektrekneskapar til hausten.

Det er sendt mail til rådmann med førespurnad om orientering i saka, og det er gjeve tilbakemelding om at det er i orden.

I Samnanger kommune sitt Økonomireglement står det m.a.:

5.2 Prosjektrekneskap

Investeringsprosjekt som skal førast på to eller fleire budsjett, skal førast som eige prosjektrekneskap (byggerekneskap). For investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på over kr 500.000 skal det alltid førast eige prosjektrekneskap.

Prosjektrekneskapen skal spesifiserast slik at tala kan samanliknast direkte med kostnadsoverslaget.

Så snart eit prosjekt er avslutta, skal prosjektrekneskapen leggjast fram for kontrollutvalet som gjev tilråding til det organ som har vedteke kostnadsoverslag og finansieringsplan. Organet skal samstundes med slutthandsaming av prosjektet gjera vedtak om finansiering av eventuelle overskridingar, eller disponering av ubrukte midlar til prosjektet. Overskridingar som ikkje vert dekkja av ledige midlar innanfor same rammeområde i kapitalbudsjettet, skal handsamast av kommunestyret. Bruk av lånemidlar kan berre vedtakast av kommunestyret.

Ved overskridingar skal saka alltid verta lagt fram for kommunestyret til handsaming så snart prosjektansvarleg er kjend med dette.»

Samandrag

Kontrollutvalet bør få informasjon om korleis det vert arbeidd med å tilrettelegga for prosjektrekneskapar ut frå det som står i Økonomireglementet. Informasjonen bør og omfatta eventuelle prosjekt som det er aktuelt å føra eige rekneskap for, i tida framover.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/231-16
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	22/14	01.10.2014

Orienteringssak om tilleggsløyvingar 2014 og finansrapport 2. tertial 2014 - den økonomiske situasjonen

Bakgrunn for orienteringssaka:

Av siste møter i kommunestyret og formannskap kjem det fram at informasjon om den økonomiske situasjonen har vore viktig på desse møta.

Ut frå dette er det sendt førespurnad til administrasjonen v/rådmann og økonomisjef om kontrollutvalet kan få ei orientering om den økonomiske situasjonen. Som bakgrunnsstoff vert det lagt fram følgjande dokument:

- Tilleggsløyvingar 2014 – sak til kommunestyret 18.06.14.
- Finansrapportering 2. tertial 2014 – sak til formannskapet 10.09.14.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Tilleggsløyvingar 2014 – sak til kommunestyret 18.06.14.
- Finansrapportering 2. tertial 2014 – sak til formannskapet 10.09.14.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-153
Arkivsaksnr: 12/475	Løpenr: 14/3175
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	04.06.2014	030/14	TR
Kommunestyret	18.06.2014	028/14	TR

TILLEGGSLØYVINGAR 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

		Auka utgift/ redusert inntekt	Redusert utgift/ auka inntekt
Skatteinngang	18700.9000.8000	600 000	
Rammetilskot	18000.9000.8400	299 000	
Inntektsutjamning	18002.9000.8400	0	-600 000
IMDI, netto auka krav 2013			-74 000
Legevakt	13500.3002.2410	233 000	
5% stilling sekretær	13500.3002.2410	20 000	
delt på PLO og lege	13500.3110.2530	20 000	
Sjølvkost, til fond	19500.1601.3450	172 000	
Brannsamarbeid Bergen	13500.1600.3390	200 000	
Sjukerefusjon	17100.1600.3010		-73 000
Innsparing SUS	ansvar 2030		-550 000
Innsparing barnehage	ansvar 2040		-360 000
Meirinntekter barnehage	16xx.2040		-83 000
innsparing 5.klasse	ansvar 2210		-104 000
Advokat	ansvar 1200	300 000	
		1 844 000	-1 844 000

Prosjekt Frøland vatn		Utgift	finansiering
Byggetenester og nybygg	02300.1601.3454	664 429	
Konsulenttenester	02700.1601.3454	100 000	
Finansiering lånemidler	09101.9002.8800		-767 429
Sum		764 429	-767 429

04.06.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) stilte spørsmål om Birthe Skar-Modum (Ap) var ugild med bakgrunn i at ho har elev i 5. klasse og argumenterer for at tilskot til denne klassen ikkje skal verta kutta. Skar-Moum gjekk ifrå under handsaminga av ugildskapen.

Marit Aase (Krf) stemte for ugildskap.

Dei 6 andre representantane stemte imot, og Skar-Modum (Ap) deltok vidare i handsaminga i saka.

Advokat Hove sitt krav inneber ei overskriding på kr. 51.000. Rådmannen gjorde i møtet framlegg om å dekkja desse ved å endra framlegget med følgjande:” Advokatutgifter vert auka med kr. 51.000 og dekkja ved å auka skatteinngang tilsvarande.

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

” Kommunestyret sitt vedtak i sak 18. des 2013 om øyremerka tilskot til deling av 5.kl vert ståande. Tiltaket vert finansiert ved å justera skatteanslaget tilsvarande.”

Følgjande stemte imot Gåsdal sitt framlegg:

- Marit Aase (Krf)
- Rangfrid Olsens (Bl)

Følgjande stemte for Gåsdal sitt framlegg:

- Bright Olav Gåsdal (Ap)
- Birthe Skar-Modum (Ap)
- Øyvind Røen (Sp)
- Eva Hellevang (H)
- Gunnar Bruvik (Frp)

Gåsdal (Ap) sitt framlegg vart vedteke.

Tilrådinga med dei vedtekne endringane vart samrøystes vedteke.

FORM-030/14 VEDTAK:

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar:

		Auka utgift/ redusert inntekt	Redusert utgift/ auka inntekt
Skatteinngang	18700.9000.8000	445 000	
Rammetilskot	18000.9000.8400	299 000	
Inntektsutjamning	18002.9000.8400	0	-600 000
IMDI, netto auka krav 2013			-74 000
Legevakt	13500.3002.2410	233 000	

5% stilling sekretær	13500.3002.2410	20 000	
delt på PLO og lege	13500.3110.2530	20 000	
Sjølvcost, til fond	19500.1601.3450	172 000	
Brannsamarbeid Bergen	13500.1600.3390	200 000	
Sjukerefusjon	17100.1600.3010		-73 000
Innsparing SUS	ansvar 2030		-550 000
Innsparing barnehage	ansvar 2040		-360 000
Meirinntekter barnehage	16xx.2040		-83 000
innsparing 5.klasse	ansvar 2210		00
Advokat	ansvar 1200	351 000	
		1 740 000	-1 740 000

Prosjekt Frøland vatn		Utgift	Finansiering
Byggetenester og nybygg	02300.1601.3454	664 429	
Konsulenttenester	02700.1601.3454	100 000	
Finansiering lånemidler	09101.9002.8800		-767 429
Sum		764 429	-767 429

18.06.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli og økonomisjef Nina Erdal orienterte om at kommunen sin økonomiske situasjon i 2014 viser seg å vera endå meir anstrengd enn det som var utgangspunktet for formannskapet si tilråding 04.06.2014. Bakgrunnen for dette er mellom at skattetala for mai viser ein ytterlegare reduksjon i skatteinntektene til kommunen. Nina Erdal la fram oppdaterte tal/opplysningar.

Liv Berit Befring (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

I kommunestyret sitt vedtak i sak 18. des. 2013 om øyremerka tilskot til deling av 5.kl. vert endra i vedtak i sak 028/14. Tillegsløyvingar 2014.

I forslag til tillegsløyving på kr. 104 000 til deling av 5. klasse vert løyvingssummen oppretthalden, men det er skuleadministrasjonen v/ einingsleiar som skal vurdere kvar desse pengane skal nyttast. Dette ut frå at det er einingsleiar som, saman med sine tilsette best kan vurdere kvar behovet er størst og det er kommen fram at det ikkje berre er denne klassen som strever og det vil difor vera feil om dette skal avgjerast på politisk hald.

Tiltaket vert finansiert ved å justera skatteanslaget tilsvarende.

Øyvind Strømmen (Bl) bad om at det vart gjennomført gruppemøte før røystinga i saka. Kommunestyret slutta seg til ønsket. Gruppemøte vart gjennomført kl. 10.00 – 11.00.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Saka vert oversendt til formannskapet til endeleg avgjerd, med følgjande intensjon:
- Sima-Samnanger midlane står slik som det samrøystes vart vedteke i kommunestyre.*

Øyvind Strømmen (Bl) sette fram følgjande fellesframlegg frå Arbeidarpartiet, Kristeleg folkeparti, Høgre og Bygdalista:

Det vert gjort fylgjande budsjettendringar i budsjett 2014

	<i>Auka utgift/ redusert inntekt</i>	<i>Redusert utgift/ auka inntekt</i>
<i>Skatteinngang</i>	<i>2 300 000</i>	
<i>Rammetilskot</i>	<i>299 000</i>	
<i>Inntektsutjamning</i>	<i>0</i>	<i>-600 000</i>
<i>IMDI, netto auka krav 2013</i>		<i>-74 000</i>
<i>Legevakt</i>	<i>233 000</i>	
<i>5% stilling sekretær</i>	<i>20 000</i>	
<i>delt på PLO og lege</i>	<i>20 000</i>	
<i>Sjølvkost, til fond</i>	<i>172 000</i>	
<i>Brannsamarbeid Bergen</i>	<i>200 000</i>	
<i>Sjukerefusjon</i>		<i>-73 000</i>
<i>Skule</i>	<i>243 000</i>	<i>0</i>
<i>Innsparing barnehage</i>		<i>-360 000</i>
<i>Meirinntekter barnehage</i>		<i>-83 000</i>
<i>innsparing 5.klasse</i>		<i>-104 000</i>
<i>Advokat</i>	<i>351 000</i>	
<i>Lønsoppgjer 2014</i>	<i>350 000</i>	
<i>Bruk av disposisjonsfond</i>		<i>-249 000</i>
<i>Bruk av næringsfond</i>		<i>-150 000</i>
<i>Innsparing KLP</i>		<i>-450 000</i>
<i>Kutt i einingane</i>		<i>-1 500 000</i>
<i>Bruk av fond Sima-Samnanger</i>		<i>-545 000</i>
	<i>4 188 000</i>	<i>-4 188 000</i>

I tillegg vert det gjort desse endringar

- 104 000 vert stadig sett av til barneskulen, men vert ikkje bunden til ein klasse. Kommunestyret ynskjer å prioritera barneskulen, ikkje minst med tanke på førebyggjande psykisk helsearbeid.
- 60 000 av det resterande vert dekt inn med utbytte frå BiR
- 589 000 vert teke frå Samnanger-Sima-pengane, av det som er sett av til veg Hagabotnane. Utover dette vert det ikkje teke pengar frå Samnanger-Sima-midlane.
- 589 000 vert teke frå Næringsfondet og overført til pengar sett av til veg til Hagabotnane
- Kommunestyret ber ordføraren ta spørsmålet om dei sviktande skatteinntektene opp i KS-styret med føremål å få Regjeringa til å vurdere kommuneøkonomien på nytt i lys av den dramatiske nedgangen i skatteinntektene.
- Administrasjon blir beden om å utgreia spørsmålet om langsiktig sal av konsesjonskraft.

Investering som vedtatt i formannskapet:

Investering

<i>Prosjekt Frøland vatn</i>	<i>Utgift</i>	<i>finansiering</i>
<i>Byggetenester og nybygg</i>	<i>664 429</i>	
<i>Konsulenttenester</i>	<i>100 000</i>	
<i>Finansiering lånemidlar</i>		<i>-767 429</i>
<i>Sum</i>	<i>764 429</i>	<i>-767 429</i>

Liv Berit Befring trekte framlegget sitt til vedtak.

Det var først røysta over framlegget frå Monica Tjønnå. 6 representantar røysta for framlegget og 13 røysta mot.

Følgjande representantar røysta for framlegget:

- Monica Tjønnå (Sp)
- Øyvind Røen (Sp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Karl Kollbotn (Frp)
- Svein Røseth (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)

Følgjande representantar røysta mot framlegget:

- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Heidi Gjerde (Ap)
- Gunnveig Loe (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Marit Aase (Krf)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Anja Marken (Bl)
- Eva Hellevang (H)

Det vart så røysta over formannskapet si tilråding. Ingen representantar røysta for denne tilrådinga.

Deretter vart det røysta over fellesframlegget frå Arbeidarpartiet, Kristeleg folkeparti, Høgre og Bygdalista. Framlegget vart vedteke med 13 mot 6 røyster.

Følgjande representantar røysta for framlegget:

- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Liv Berit Befring (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Heidi Gjerde (Ap)
- Gunnveig Loe (Ap)
- Odd Lønnebakken (Ap)
- Jens Harald Abotnes (Krf)
- Bjarne Hauge (Krf)
- Marit Aase (Krf)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Øyvind Strømmen (Bl)
- Anja Marken (Bl)
- Eva Hellevang (H)

Følgjande representantar røysta mot framlegget:

- Monica Tjønnå (Sp)
- Øyvind Røen (Sp)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Karl Kollbotn (Frp)
- Svein Røseth (Frp)
- Norvald Gjerde (Frp)

KS-028/14 VEDTAK:

Det vert gjort fylgjande budsjettendringar i budsjett 2014

	Auka utgift/ redusert inntekt	Redusert utgift/ auka inntekt
Skatteinngang	2 300 000	
Rammetilskot	299 000	
Inntektsutjamning	0	-600 000
IMDI, netto auka krav 2013		-74 000
Legevakt	233 000	
5% stilling sekretær	20 000	

delt på PLO og lege	20 000	
Sjølvkost, til fond	172 000	
Brannsamarbeid Bergen	200 000	
Sjukerefusjon		-73 000
Skule	243 000	0
Innsparing barnehage		-360 000
Meirinntekter barnehage		-83 000
innsparing 5.klasse		-104 000
Advokat	351 000	
Lønsoppgjjer 2014	350 000	
Bruk av disposisjonsfond		-249 000
Bruk av næringsfond		-150 000
Innsparing KLP		-450 000
Kutt i einingane		-1 500 000
Bruk av fond Sima-Samnanger		-545 000
	4 188 000	-4 188 000

I tillegg vert det gjort desse endringar

- 104 000 vert stadig sett av til barneskulen, men vert ikkje bunden til ein klasse. Kommunestyret ynskjer å prioritera barneskulen, ikkje minst med tanke på førebyggjande psykisk helsearbeid.
- 60 000 av det resterande vert dekt inn med utbytte frå BiR
- 589 000 vert teke frå Samnanger-Sima-pengane, av det som er sett av til veg Hagabotnane. Utover dette vert det ikkje teke pengar frå Samnanger-Sima-midlane.
- 589 000 vert teke frå Næringsfondet og overført til pengar sett av til veg til Hagabotnane
- Kommunestyret ber ordføraren ta spørsmålet om dei sviktande skatteinntektene opp i KS-styret med føremål å få Regjeringa til å vurdere kommuneøkonomien på nytt i lys av den dramatiske nedgangen i skatteinntektene.
- Administrasjon blir beden om å utgreia spørsmålet om langsiktig sal av konsesjonskraft.

Investering som vedtatt i formannskapet:

Investering

Prosjekt Frøland vatn	Utgift	finansiering
Byggetenester og nybygg	664 429	
Konsulenttenester	100 000	
Finansiering lånemidler		-767 429
Sum	764 429	-767 429

Dokument som ikkje er vedlagt:

Kommunestyresak 13/14

Kva saka gjeld:

Det vert vist til sak i kommunestyret 7.5.2014 der det vart fatta slikt vedtak:

KS-013/14 VEDTAK:

Den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune for 2014 er vanskeleg. Rådmannen må til kommunestyret sitt møte i juni 2014 leggja fram framlegg til budsjettendringar som inneber at budsjettet er i balanse. Rådmannen får fullmakt til å iverksetja tiltak for å bremsa utgiftene.

I etterkant av dette vedtaket har me gått igjennom driftsbudsjettet for 2014 for å sjå på kva moglegheiter som ligg til å få saldera budsjettet. Me har vald å konsentrera oss om dei ”store” postane. Det er fortsett mykje som er usikkert når me skal vurdera kva me kan forventa av resultat ved utgangen av 2014.

Skatt- og rammeinntekter.

Skatteinngangen pr april er kr 1,2 mill lågare enn periodisert budsjett. Dersom trenden held fram, vil avviket auka. Samanlikna med 2013 er skatteinngangen på same nivå. Kommunane har samla hatt ein auka skatteinngang dei tre første månadane på 2,9 %.

Samanlikna med landet har Samnanger kommune ein skatteinngang på 97,7 % for perioden januar-mars. Fram til no er det berre ein månad med stor inngang. Det kan derfor vera ein del uvisse rundt forventa skatteinngang.

Inntektsutjamninga er med på å fordela skatteinntektene mellom skattesvake og skattesterke kommunar. For 2014 har kommunen budsjettert med ei inntekt på kr 410 000 i inntektsutjamning. Dersom skatteinngangen i Samnanger er lågare enn forventa samanlikna med kommune-Norge, kan dette føra til auka inntektsutjamning. I 2013 fekk me inntektsutjamning på 1 mill. kroner. Det har også skjedd (ein gong) at me har hatt negativ inntektsutjamning.

Samla sett gir det truleg mindre inntekter enn budsjettert. Mykje er fortsett usikkert. Dei store skattemånadane er mai, juli, september og november som den største. Me vil ha eit betre bilde av situasjonen i august, og me har derfor berre vald å foreta endringar slik at desse to postane vegar opp for kvarandre.

Rammetilskotet er budsjettert kr 299 000 for høgt. I revidert statsbudsjett etter regjeringsskifte vart rammetilskotet nedjustert. Endringar som kom inn i budsjettet var mellom anna auka brukarbetaling i barnehage og at ordninga med gratis frukt og grønt i skulen vart avvikla. Dette forklarar noko av avviket. Me vurderer det slik at det bør gjerast budsjettjusteringar no for å dekkja opp forventa tap.

Øyremerka tilskot flyktningar og statstilskot.

Tilskotet er knytt til barnevern og krav vert sendt inn når perioden som går frå februar til februar er avslutta. Kravet for 2013 er budsjettert kr 111 000 for lågt.

Me har budsjettert statstilskotet knytt til flyktningar litt høgt og foreslår å justera desse to postane med netto kr 74 000 i meirinntekter.

Advokatutgifter

Vedteken sluttapakke for einingsleiar kva gjeld dekking av advokatutgifter krev tilleggsøyving. Det er og ein del andre advokatutgifter som det ikkje er budsjettmessig dekking for. Det er foreslått ei løyving her på kr 300.000. Sjå også ”nye opplysningar” nedst i saksframlegget, vedrørende faktura frå advokat Harald Hove.

Legevaktsamarbeid og sekretærtjenester samhandlingsreforma.

Kjøp av legevaktsamarbeid frå Os kommune er ikkje inflasjonsjustert for 2014 og berre delvis for 2013. Det inneber ein meirutgift i høve til budsjettet for 2014 på 233.000 kroner som vert foreslått budsjettjustert. Det vart i 2013 inngått avtale om refusjon løn sekretær i Samarbeidsutvalet.

Samnanger kommune betaler for 5% stilling som vert fordelt på legekantoret og sjukeheimen.

Samla sum er kr 40.000. Sidan dette er ein ny kostnad/nytt tiltak, vert det tilrådd å gje tilleggsøyving no sjølv om summen er relativt sett liten.

Barnehage

Løn og sjukerefusjon er gått igjennom i samarbeid med einingsleiar og stipulert innsparing pr mai er på kr 360 000. I tillegg kjem meirinntekter på ca kr 83 000 på brukarbetaling. Samla innsparing er forventa å verta kr 443 000.

Ungdomsskule (SUS)

Gjennomgang viser at det er innsparing på løn på ca 550 000. SUS ynskjer å nytta innsparde midlar til utstyr til filming og redigering. Slik situasjonen er må desse pengane nyttast til saldering av budsjettet. Det vert tilrådd at dei bruker midlar på utstyrskontoar til dette utstyret som skal nyttast i samband med valfagundervisning.

Barneskule

Lønsbudsjettet er feilbudsjettert med kr 567 000. Estimert meirforbruk pr 31.07.14 kr 230 000.

I budsjettet er det ein pott på kr 250 000 til ekstrahjelp på styrka og kr 27 000 på skule. Dette er ikkje brukt pr mai. Kr 40 000 til ferievikar er ubrukt pr mai. Me legg til grunn at barneskulen må dekkja feilbudsjetteringa med eigne midlar.

Kommunestyret valde å gje ekstra pengar til å dela 5.klasse (vår 2014) i heile 2014. Slik den økonomiske situasjonen er vert det foreslått å endra vedtaket. Innsparing er på kr 104.000.

Pleie- og omsorg (PLO)

PLO har i 2013 inngått avtale om kjøp av tenester frå eit nytt bemanningsbyrå. Det var ingen bemanningsbyrå innafor rammeavtala kommunen har gjennom innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune som gav tilbod. Prisen pr time i avtala som PLO inngjekk vart høgare enn prisane i rammeavtala. I budsjettet for 2014 er det lagt inn kostnad i forhold til den forrige avtala. Dette gir eit avvik på ca 1,5 mill kroner meir enn budsjettert for denne posten.

PLO har og hatt meirutgifter på andre områder, mellom anna har dei skifta ut 7 av leasingbilane. Dette kosta om lag kr. 234 000 i reparasjonsutgifter for skader/unormal slitasje på bilane. Dei har og, pga høgt belegg på sjukeheimen, måtte betale for fleire utskrivingsklare pasientar.

Lønn er utgiftsført tom mai og rekneskapen viser innsparing på fleire postar. Framskrivne inntekter ut året vil gje ca kr 480 000 meir enn budsjettert.

Totalt sett ser det derfor ut til at meirforbruket samla for eininga vil bli handterbart innafor eiga budsjett. Me vil derfor avvente til august før me evt. ser på tilleggsløyving

NAV kommune og Barnevern

Under føresetnad av at det ikkje vert sett inn vikar for einingsleiar ut september 2014 og innkomne sjukepengar vert nytta, er sluttpakken knytt til løn dekkja inn over eininga sitt budsjett. Det kan sjå ut som om det er trong for noko meir midlar til konsulent på barnevern. Tala er usikre, ma. veit me ikkje kor stort behovet er for innleigd hjelp komande haust, og det er enda ikkje kome signal om kva ei interkommunal ordning vil kosta oss. Me vil derfor avventa noko før det vert fremma spørsmål om ekstra midlar.

Teknisk eining - Brannvern

Avtalen med Bergen brannvesen tilseier ein auka utgift på 200.000 kroner. Delar av dette – vel 70.000 kroner – vert finansiert ved sjukelønsrefusjon.

Det har vore innsparingar på vintervedlikehald, men ein del av dette har gått med til ekstraordinært vedlikehald vegar. Me gjer ikkje framlegg om endringar her i dag.

Sjølvkost

Vatn: det er budsjettert med eit overskot på kr 172.485. Tidlegare underskot vart dekkja i 2013 og evt. overskot seinare år må settast av til øyremerka fond vatn. Fondet kan seinare nyttast til å betala driftsutgifter knytt til nye investeringar på m.a. Bjørkheim.

EDAG – nytt rapporteringssystem

Kommunane har fått pålegg om å etablere EDAG/ Agresso A-melding. Dette er ein ny elektronisk melding som skal erstatte lønns- og trekkoppgåver, årsoppgåve for arbeidsgjevaravgift, melding til Aa-registeret og lønsstatistikk til Statens sentralbyrå. Meininga er at omlegginga på sikt skal verta ei innsparing. Estimert utgift er kr 170 000. Gruppeliv og ulykkesforsikring er budsjettert på 1202 med ca kr 190 000 for høgt. Midlane her vert omdisponert til å dekkja innføring av det nye systemet.

Lønsoppgjer

Resultatet av lønsoppgjeret er nett kome slik at me ikkje har fått tid nok til å rekna eksakt på verknaden. I budsjettet er det sett av 2,75 mill. kroner. Overslaget vårt kan tyda på at dette ikkje er stort nok til å dekkja kostnaden. Me må koma attende med evt. spørsmål om tilleggsløyving seinare.

Pensjon

Det er kome ein del signal frå KLP om at utgiftene vil verta større enn budsjettert. Men me har ikkje motteke noko som kan seia kva storleiken vert, og det vert derfor ikkje foreslått endringar her.

Investering.

Det har kome spørsmål om kva som er tilgjengeleg av midlar til utbygging av vassforsyning til Frøland/Totland/Tysseland. Dette er eit prosjekt som har gått over fleire år og soleis har løyvingar i fleire budsjett.

I budsjett for 2012 gjorde Kommunestyret vedtak om å løyva kr 7.721 mill til utbygging av vatn til Frøland. Arbeidet starta opp i 2012 og vert avslutta i år. Budsjettet for 2014 er vedtatt basert på prognosane for forbruk i 2013. For å ha korrekt informasjon i budsjettet for 2014 må det gjerast ei budsjettjustering i forhold til kva som er løyvd og kva som er brukt i 2012 og 2013. Finansiering er lån som allereie er tatt opp.

KS vedtak

68/2011

7 721 000

Rekneskap 2012	201 312	
Rekneskap 2013	482 259	
sum	683 571	-683 571
<hr/>		
Rest løyving	7 037 429	
Budsjett 2014	6 270 000	
<hr/>		
Oppjustert budsjett 2014	767 429	

Oppsummering:

Samnanger kommune har vore vel optimistiske med tanke på skatteinngangen. I denne saka gjer me framlegg om å nedjustera desse inntektene noko. Det er truleg at det vert ytterlegare svikt i desse inntektene, men me vel å koma attende til spørsmålet når me er komne litt lenger ut på året. Pleie- og omsorg har overskridingar knytt til kjøp av tenester frå nytt vikarbyrå. Det ser pr i dag ut til at dei klarar å dekkja dette innafor eige budsjett, men dette kjem me attende til om nokre månader når me har meir informasjon.

Sjølv om det ikkje er føreteke store endringar i einingane sine rammer, er det grunn til at det vert vist god budsjettdisiplin. Det er ingen reserver, og som det er vist i saksutgreiinga er det fleire postar som truleg krev meir midlar.

Nye opplysningar 28.05.14:

Faktura frå advokat Hove vart motteken av kommunen 28.05.14, etter at tilleggsloyvingssaka var ferdig skriven. Fakturaen var på kr 131 050 eks. moms. Det er tidlegare finansiert kr 80 000 av denne utgifta.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 040
Arkivnr: 2014/234-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	23/14	01.10.2014

Orienteringssak om varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørende belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet

Bakgrunn for orienteringssaka:

Det er sendt slik førespurnad til administrasjonen:

«Kontrollutvalet ønskjer å få orientering om følgjande sak som har vore handsama i kommunestyret:

- «Varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørende belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet.»

Som bakgrunn for orienteringa vil saksframlegget i saka (side 189 – 195) til kommunestyret 07.05.14 bli lagt ved innkallinga til KUV-møte, saman med det som er ført i møteprotokoll frå KST-møte 07.05.14 (side 20 og 21).

Ber om at kontrollutvalet kan få ei orientering om denne saka, og korleis den vert følgd opp vidare i kommunen.»

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om å bli halde orientert om det vidare arbeidet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Sak til kommunestyret 07.05.14 vedr. «Varsel frå Arbeidstilsynet om pålegg vedrørende belastningar for tilsette i samband med striden rundt barnevernet.»
- Utdrag frå møteprotokoll frå kommunestyremøte 07.05.14 om saka.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-443
Arkivsaksnr: 13/220	Løpenr: 14/2258
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	29.04.2014	026/14	JEB
Kommunestyret	07.05.2014	024/14	JEB

VARSEL FRÅ ARBEIDSTILSYNET OM PÅLEGG VEDRØRANDE BELASTNINGAR FOR TILSETTE I SAMBAND MED STRIDEN RUNDT BARNEVERNET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Møtet var lukka, jfr KL § 31 med heimel i FVL 13.
Sakshandsamar Jan Erik Boge var tilstades under handsaming av saka.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ” Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet. ”
Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-026/14 VEDTAK:

Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

Dokument som er vedlagt:

Brev frå Arbeidstilsynet datert 04.04.2014
Kopi av e-post til Arbeidstilsynet sendt 18.03.2014
Brev frå Arbeidstilsynet datert 17.02.2014
Oppsummering av møte med Arbeidstilsynet 21.03.2014

Dokument som ikkje er vedlagt:
Arbeidsmiljølova

Kva saka gjeld:

I brev datert 04.04.2014 har Arbeidstilsynet varsla at dei vurderer å gje Samnanger kommune pålegg om kartlegging, risikovurdering og tiltaksplan i samband med dei belastningane som tilsette i kommunen har vore utsette for i samband med striden rundt barnevernet i 2013. Brevet vart motteke av kommunen 09.04.2014.

Kommunen har frist til 10.05.2014 til å koma med eventuelle kommentarar til varselet om pålegg.

Bakgrunn

I brev datert 17.02.2014 orienterte Arbeidstilsynet om at arbeidsmiljøutvalet (AMU) si "begjæring" om gjennomføring av faktaundersøking knytt til varslingar frå to tilsette i Samnanger kommune ikkje vert teken til følgje. I det same brevet varsla Arbeidstilsynet at dei vurderte å gje kommunen pålegg om følgjande:

1. Å kartleggja belastninga som arbeidstakarar i sosial- og helseeininga har vore utsett for å samband med striden rundt barnevernet i 2013.
2. På grunnlag av kartlegginga treffa nødvendige tiltak for å sikra at det psykososiale arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg.
3. Å bruka bedriftshelsetenesta eller annan kvalifisert fagleg bistand for å utføra punkt 1 og 2 i pålegget.

Kopi av Arbeidstilsynet sitt brev datert 17.02.2014 følgjer som vedlegg til dette saksframlegget.

AMU vedtok 03.03.2014 at Arbeidstilsynet sitt vedtak om ikkje å ta AMU si "begjæring" om gjennomføring av faktaundersøking til følgje, ikkje vert påklaga. AMU vedtok vidare å be Arbeidstilsynet om eit møte for å drøfta varselet om pålegg sin vart gjeve i brev datert 17.02.2014.

Det vart 21.03.2014 gjennomført møte mellom Arbeidstilsynet og to representantar for AMU, Brigit Olav Gåsdaal (medlem) og Jan Erik Boge (sekretær). I møtet vart varselet om pålegg drøfta. Det vert vist til vedlagte kopi av e-post til Arbeidstilsynet for nærmare informasjon om kva forhold representantane frå AMU ønskte å drøfta i møtet, samt til vedlagte notat med oppsummering av møtet.

Etter møtet 21.03.2014 har Arbeidstilsynet gått gjennom saka på nytt. I brevet frå Arbeidstilsynet datert 04.04.2014 er innhaldet i varselet om pålegg noko endra i forhold til det opprinnelege varselet.

Nærmare informasjon om innhaldet Arbeidstilsynet sitt varsel om pålegg:

Arbeidstilsynet sitt varsel om pålegg i brev datert 04.04.2014 er delt i fem punkt:

1. **Pålegg om kartlegging av målgruppe:**
 - Kommunen må kartleggja kven av kommunen sine tilsette som har vore utsett for belastningar i samband med striden rundt barnevernet i 2013 og i samband med varslingar som gjeld mobbing og trakassering.

- Verneombod og bedriftshelsetenesta skal medverka i kartleggingsprosessen.
 - Frist for gjennomføring er 15.06.2014.
- 2. Pålegg om kartlegging og risikovurdering:**
- Kommunen skal kartleggja og risikovurdera dei farar og problem som kan påverka arbeidstakarane si fysiske eller psykiske helse og tryggleik.
 - Kommunen må velja metode/metodar for kartlegging og deretter gjennomføra kartlegging av dei belastningane som tilsette har vore utsett for i samband med striden rundt barnevernet i 2013.
 - Kommunen skal mellom anna undersøkje om nokon har vorte utsett for "utilbeholdig" behandling frå kollegaer eller arbeidsgjevar.
 - Arbeidet skal gjerast i samarbeid med verneombod/tilsette sin representant og bedriftshelsetenesta.
 - Frist for gjennomføring er 15.06.2014.
- 3. Pålegg om handlingsplan**
- Kommunen skal treffa nødvendige tiltak for å sikra at dei psykososiale arbeidsmiljøvilkåra for dei tilsette som er omfatta av kartlegginga i påleggspunkt 2 er fullt ut forsvarlege. Desse tiltaka med tilhøyrande målsettingar skal framstillast i ein ansvars- og tidsavgrensa handlingsplan.
 - Verneombod og bedriftshelsetenesta skal medverka.
 - Frist for gjennomføring er 15.06.2014.
- 4. Pålegg om bistand frå bedriftshelsetenesta**
- Kommunen skal nytta seg av bistand frå bedriftshelsetenesta ved utføring av påleggspunkt 1 og 2.
- 5. Pålegg om vurdering av bistand frå annan ekstern, kvalifisert og fagleg aktør**
- Kommunen skal saman med vernetenesta og bedriftshelsetenesta vurdere om det er behov for annan ekstern, kvalifisert og fagleg bistand i samband med gjennomføring av kartlegging, jf. påleggspunkt 2.
 - Vurderinga skal ta utgangspunkt i dei kartleggingsmetodar som kommunen vel å nytta i samband med påleggspunkt 2.
 - Frist for gjennomføring er 15.06.2014.

I Arbeidstilsynet sitt brev er det gjeve nærmare grunngjeving for kvart av påleggspunkta.

Som nemnt ovanfor har kommunen frist til 10.05.2014 til å koma med eventuelle kommentarar til varselet om pålegg. I tillegg vil kommunen, slik kommuneadministrasjonen forstår det, ha høve til å klaga på eit eventuelt vedtak om pålegg. Klagefristen vil vera 3 veker.

Saksbehandlar var 14.04.2014 i kontakt med hovudverneombodet og bedriftshelsetenesta og orienterte dei om Arbeidstilsynet sitt varsel om pålegg.

Vurderingar og konsekvensar:

Arbeidstilsynet sitt varsel om pålegg i brev datert 04.04.2014 har ikkje vore behandla i AMU. Rådmannen si vurdering er at det er kommunestyret som må ta stilling til om kommunen skal koma med kommentarar til varselet om pålegg, og at saka må gå via formannskapet. Leiaren i AMU må avgjera om det i tillegg skal haldast eit ekstramøte i AMU før kommunestyrebehandlinga 07.05.2014.

Det er per i dag uklart kva ekstern bistand som vil vera nødvendig for å gjennomføra påleggspunkt 2. Det må mellom anna avklarast kor mykje bedriftshelsetenesta kan medverka. Dersom

konklusjonen eventuelt vert at bedriftshelsetenesta ikkje har nødvendige kvalifikasjonar knytt til gjennomføring av påleggspunkt 2, kan det verta nødvendig med annan ekstern bistand. I så fall må det påreknast at kommunen kan få relativt store utgifter. Det kan her visast til kostnadsoverslaget på om lag 200.000 kroner som rådmannen i 2013 fekk for gjennomføring av faktaundersøking knytt til varslinga frå to tilsette i kommunen,

Utgiftene knytt til gjennomføring av pålegga vil sjølvsagt også vera avhengig av kor stor målgruppa for kartlegginga vert, jf. påleggspunkt 1.

Rådmannen si vurdering er at kommunen så langt som mogleg bør prøva å unngå å pådra seg store utgifter i samband med gjennomføringa av det varsla pålegget.

Kommuneadministrasjonen vil i veka etter påske ha dialog med hovudverneombodet og bedriftshelsetenesta, for å diskutera korleis ein ser for seg at arbeidet med dei ulike påleggspunkta vil kunna leggjast opp. Oppdatert informasjon om dette vil kunne leggjast fram i formannskapsmøtet 29.04.2014.

Følgjande vedlegg i sak 024/14 inneheld opplysningar som er unnatekne frå offentleg innsyn, og er derfor ikkje med i den offentlege versjonen av møteinnkallinga:

- Brev frå Arbeidstilsynet datert 04.04.2014
- Kopi av e-post til Arbeidstilsynet sendt 18.03.2014
- Brev frå Arbeidstilsynet datert 17.02.2014

Desse vedlegga er sendt ut i papirversjon til representantane i kommunestyret.



Informasjonsnotat / orientering

Frå:

Jan Erik Boge

**OPPSUMMERING AV MØTE MED ARBEIDSTILSYNET 21.03.2014
VEDRØRANDE VARSEL OM PÅLEGG OM KARTLEGGING AV BELASTNING
FOR TILSETTE***Saknr./Journalnr*

13/220/14/2063/INT/JEB

Arkivkode

FE-443

Dato:

04.04.2014

Møtet fann stad i Arbeidstilsynet sine lokale i Bergen. Til stades på møtet var:

- Evy Dahle, seniorinspektør i Arbeidstilsynet
- Njål Andersen, juridisk rådgjevar i Arbeidstilsynet
- Brigt Olav Gåsdal, Samnanger kommune
- Jan Erik Boge, Samnanger kommune

Møtet kom i stand etter ønske frå Samnanger kommune. Bakgrunnen var at Arbeidstilsynet i brev datert 17.02.2014 gav varsel om pålegg til kommunen om å gjennomføra kartlegging av belastninga tilsette har vore utsett for i samband med striden rundt barnevernet. I forkant av møtet hadde Jan Erik Boge sendt e-post til Evy Dahle med nokre spørsmål/avklaringspunkt, mellom anna kor vidt det er nødvendig å gjennomføra ei slik kartlegging.

Arbeidstilsynet kjem til å gje pålegg til Samnanger kommune

Arbeidstilsynet gjorde det tidleg i møtet klart at pålegget som vart varsla i brev datert 17.02.2014 ikkje vil verta trekt tilbake, men at ordlyden i pålegget vil verta litt justert. I tillegg vil Arbeidstilsynet skriva ei utdjupande presisering, som ikkje vert ein del av sjølve pålegget.

Følgjande vil verta endra i pålegget:

- Begge tilsette som har varsla om uforsvarleg arbeidsmiljø vil verta omfatta av pålegget. Det var ein feil at berre tilsette i sosial- og helseeininga var nemnt i brevet med varsel om pålegg.

Kvifor vert det gjeve pålegg?

Bakgrunnen for Arbeidstilsynet sitt pålegg er mellom anna:

- At tilsette har varsla om uforsvarleg arbeidsmiljø.
- At Arbeidstilsynet gjennom kontakt med kommunen og gjennom mediaoppslag m.m. vurderer at det er nødvendig med kartlegging og tiltak.
- At det er viktig at kommunen brukar kartlegginga til å læra av det som har skjedd og finna ut korleis kommunen skal handtera tilsvarande/liknande saker i framtida.

Frist for plan for gjennomføring av pålegget

Arbeidstilsynet vurderer å setja 15. april 2014 som frist for kommunen til å fastsetja plan for gjennomføring av pålegget. Dette må vera ein plan med oversikt over mellom anna:

- Kven/kva grupper av tilsette som skal omfattast av kartlegginga.
- Korleis arbeidet med gjennomføring av pålegget skal gjennomførast, inkludert tidsfristar/milepælar.

Dersom kommunen meiner 15. april 2014 vil vera for kort frist, må Arbeidstilsynet snarast få melding om dette.

Kan Arbeidstilsynet vera til stades under kommunestyret si behandling av saka?

I møtet spurde Jan Erik Boge om Arbeidstilsynet kan vera til stades under kommunestyret si behandling av pålegget, for å svara på spørsmål/gjera nødvendige avklaringar. Svaret var at Arbeidstilsynet ut frå forvaltningsmessige prinsipp meiner det ikkje vil vera rett av dei å møte i kommunestyret. Dersom kommunen meiner vedtaket om pålegg er feil, er det høve til å klaga på vedtaket. Klagefrist på vedtaket er normalt 3 veker.

Ekstern bistand

Arbeidstilsynet vil ikkje styra kva ekstern bistand kommune brukar i saka (med omsyn til omfang eller type ekstern bistand), men dei klargjorde i møtet at den/dei som gir ekstem bistand må vera med og ha påverknad i heile prosessen. Det vil ikkje vera tilstrekkeleg å berre bruka ekstem bistand til dømes til å kvalitetssikra "sluttrapporten" frå kartlegginga.

Belastning for tilsette i samband med gjennomføring av kartlegging

I møtet tok kommunens representantar opp at det kan vera ei belastning for dei tilsette dersom forhold knytt til støyen rundt barnevernet no skal sjåast på nok ein gong. Arbeidstilsynet understreka at det er viktig at kommunen gjer ei risikovurdering knytt til negative faktorar/belastninga for tilsette i samband med gjennomføringa av ei slik kartlegging.

Eventuell kartlegging for andre grupper enn dei som er omfatta av pålegget

Arbeidstilsynet orienterte om at det er opp til kommunen om ein vil kartleggja belastninga også for andre enn dei gruppene av tilsette som er omfatta av pålegget. Dette vert i så fall noko kommunen gjer på eige initiativ. Arbeidstilsynet sitt pålegg omfattar ikkje å sjå på situasjonen/belastninga for folkevalde, då folkevalde ikkje er omfatta av arbeidsmiljølova.

FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNEST. MØTE 07.05.14

SAKNR. 024/14

VARSEL FRÅ ARBEIDSTILSYNET OM PÅLEGG VEDRØRANDE BELASTNINGAR FOR TILSETTE I SAMBAND MED STRIDEN RUNDT BARNEVERNET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

29.04.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Møtet var lukka, jfr KL § 31 med heimel i FVL 13.

Sakshandsamar Jan Erik Boge var tilstades under handsaming av saka.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: " Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-026/14 VEDTAK:

Saka vert sendt til kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

07.05.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) orienterte innleiingsvis at ho ønska at saka skulle gå for opne dører. Kommunestyret slutta seg til dette. Marit Aase orienterte vidare om at det kunne verta nødvendig å lukka møtet undervegs under debatten i kommunestyret.

Marit Aase viste til framlegget til vedtak som ho hadde sendt ut på e-post før kommunestyremøtet:

Samnanger kommune ser ikkje at ei undersøking m.m. slik Arbeidstilsynet varslar pålegg om vil vera det beste for arbeidsmiljøet i kommunen. Kommunen ber derfor om at det ikkje kjem eit pålegg som omtala i varselet.

Samnanger kommune meiner det er grunn til å sjå nærare på kva prosessen rundt gransking av barnevernet evt. har hatt av negativ innverknad på tilsette og arbeidsmiljøet. Kommunen meiner at eit opplegg som varsla om i pålegget kan verka opprivande, og me meiner derfor at det er betre å gjennomfora kartlegginga som del av det ordinære HMT-arbeidet.

I 2014 gjennomfører Samnanger kommune ei medarbeidarkartlegging der alle tilsette får høve til å seia si meining m.a. om arbeidsmiljøet sitt. Kommunen nyttar her eit standardisert verktøy, men i 2014 vil spørjeskjemaet også innehalda eigne spørsmål knytt til den særlege situasjonen. Desse spørsmåla vil verta utarbeidde i samråd med hovudverneombod og bedriftshelsetenesta. I tillegg vert det årleg gjennomført medarbeidarsamtalar. For fleire tilsette vil det vera naturleg for leiaren å ta opp problemstillingar rundt dei hendingane som har vore i 2013. Når medarbeidarkartlegginga og –samtalane er gjennomførte, vil det verta laga ein plan for oppfølging av den einskilde tilsette. I tillegg vil denne kartlegginga danna grunnlag for ei risikovurdering med påfølgjande tiltak som vil inngå i kommunen sitt HMT-system. Samnanger kommune meiner at dette samla sett vil gi kommunen god nok informasjon til å imotekoma Arbeidstilsynet si uro for arbeidsmiljøet i Samnanger

kommune. Og det vil, slik kommunen ser det, ikkje vera med å skapa unødige uro på arbeidsplassane.

Samnanger kommune er open for å halda ein dialog med Arbeidstilsynet om arbeidet vårt. Det kan også omfatta skriftleg rapportering.

Kommunestyret viser også til arbeidsmiljøutvalet sitt vedtak i sak 13/14.

På spørsmål frå Monica Tjønnå (Sp) orienterte Marit Aase om at medarbeiderkartlegginga som skal gjennomførast gjeld alle tilsette i kommunen, ikkje berre tilsette i barnevernet.

Framlegget til Marit Aase vart samrøystes vedteke.

KS-024/14 VEDTAK:

Samnanger kommune ser ikkje at ei undersøking m.m. slik Arbeidstilsynet varslar pålegg om vil vera det beste for arbeidsmiljøet i kommunen. Kommunen ber derfor om at det ikkje kjem eit pålegg som omtala i varselet.

Samnanger kommune meiner det er grunn til å sjå nærare på kva prosessen rundt gransking av barnevernet evt. har hatt av negativ innverknad på tilsette og arbeidsmiljøet. Kommunen meiner at eit opplegg som varsla om i pålegget kan verka opprivande, og me meiner derfor at det er betre å gjennomføra kartlegginga som del av det ordinære HMT-arbeidet.

I 2014 gjennomfører Samnanger kommune ei medarbeidarkartlegging der alle tilsette får høve til å seia si meining m.a. om arbeidsmiljøet sitt. Kommunen nyttar her eit standardisert verktøy, men i 2014 vil spørjeskjemaet også innehalda eigne spørsmål knytt til den særlege situasjonen. Desse spørsmåla vil verta utarbeidde i samråd med hovudverneombod og bedriftshelsetenesta. I tillegg vert det årleg gjennomført medarbeidersamtalar. For fleire tilsette vil det vera naturleg for leiaren å ta opp problemstillingar rundt dei hendingane som har vore i 2013. Når medarbeidarkartlegginga og –samtalane er gjennomførte, vil det verta laga ein plan for oppfølging av den einskilde tilsette. I tillegg vil denne kartlegginga danne grunnlag for ei risikovurdering med påfylgjande tiltak som vil inngå i kommunen sitt HMT-system. Samnanger kommune meiner at dette samla sett vil gi kommunen god nok informasjon til å imøtekoma Arbeidstilsynet si uro for arbeidsmiljøet i Samnanger kommune. Og det vil, slik kommunen ser det, ikkje vera med å skapa unødige uro på arbeidsplassane.

Samnanger kommune er open for å halda ein dialog med Arbeidstilsynet om arbeidet vårt. Det kan også omfatta skriftleg rapportering.

Kommunestyret viser også til arbeidsmiljøutvalet sitt vedtak i sak 13/14.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151
Arkivnr: 2014/230-10
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	24/14	01.10.2014

Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015

Bakgrunn for saka:

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen

"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

"§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas

av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.”

”§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Det er lovbestemt at det årleg skal gjennomførast forvaltningsrevisjon, og det skal og vera aktivitet innan selskapskontroll årleg.

Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vart utarbeidde av kontrollutvalet våren 2012, og lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Kommunestyret godkjende planane i møte 20.06.12. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggjast inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Omfanget av slike timebaserte tenester vil ligga på om lag kr. 309.000 for samanliknbare kommunar på Samnanger kommune sin storleik.

Det er og lagt inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor. Hordaland fylkeskommune har starta ein gjennomgang av grunnlaget for dagens timepris, for å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierer kommunane dei er sekretariat for. Det vert teke atterhald om at timeprisen kan verta justert i tråd med dette i budsjettåret.

Konklusjon:

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2015.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2015

Kontrollutvalet i Samnanger kommune, framlegg til budsjett for 2015			
Tekst	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Merknader
	10 000	10 000	
Tapt arbeidsforteneste	28 000	35 000	Møtegodtgj. rekna ut frå reglement for godtgjersle folkevalde
Møtegodtgjering	5 400	5 400	
0,141 Arbeidsgjevaravgift 14,1			
0,25 Faglitteratur, tidsskrift, avis	500	500	Kommunerevisoren til utvalsleiar
0,13 Matvarer	1 500	2 000	lfm. møter i kontrollutvalet
0,25 Kurs/opplæring	15 000	20 000	Fagkonferanse / kurs / folkevaldopplæring
0,07 Skyss- og kostgodtgjering	5 000	10 000	Reise ifm. Kurs/opplæring/møter
Kontingentar	1 300	1 300	Kontingent Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
0,25 Konsulenttenester (bestillingar til revisjon)	165 201	309 000	Bestitte oppdrag frå kontrollutvalet ut frå godkjende planar, samt evt. ekstraordinære prosjekt som kontrollutvalet vedtek
0,25 Kjøp frå fylkeskommunen (sekretariatstenester)	99 000	103 000	I tråd med avtale, berekna ut frå 5 møter og kons.prisauke (*)
0,25 Ekstra tiltaksmidlar	0	30 000	Til ekstraordinære prosjekt, undersøkingar eller liknande
0,25 Konsulenttenester (rekneskapsrevisjon)	165 000	170 700	I tråd med revisjonsavtale, fastpris rekneskapsrevisjon, konsumprisregulert
Meirverdiavgift	89 640	159 000	
Moms-kompensasjon	-89 640	-159 000	
TOTALT	495 901	696 900	
(*) Fotnote: Hordaland fylkeskommune har starta ein gjennomgang av grunnlaget for dagens timepris, for å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierar kommunane dei er sekretariat for. Det vert teke atterhald om at timeprisen kan verta justert i tråd med dette i budsjettåret.			



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/235-2
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	25/14	01.10.2014

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune

Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf.

Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor hjå Deloitte AS Bjarne Ryland sende over ei slik eigenvurdering dagsett 11.08.2014. Eigevurderinga ligg ved saka.

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

§ 4. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er tinga av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og størrelsen på oppdraget.

Det er opplyst at Deloitte har hatt eit mindre oppdrag i Samnanger kommune ut over det som er bestilt av kontrollutvalet. Sekretariatet har ikkje motteke informasjon som tilseier at det konkrete oppdraget kjem i konflikt med momenta i avsnittet over.

Konklusjon:

Sekretariatet finn ikkje at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Samnanger kommune. Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet godkjenner uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland hjå Deloitte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uavhengighetserklæring frå Deloitte datert 11.08.2014.

Til Kontrollutvalet i Samnanger kommune

Tlf.: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland si eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Ansettelsestilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Samnanger kommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Samnanger kommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Samnanger kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Samnanger kommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Samnanger kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særreine forhold	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særreine forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Samnanger kommune.</i>

Bergen, 11. august 2014
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2014/228-10
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	26/14	01.10.2014

Vidare arbeid med prosjekt ut frå plan for forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Plan for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode vart vedteke i kommunestyret 14.06.2012. Vedtaket lyder:

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m.m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglement kjem opp i løpet av hausten 2012.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for Kommunestyret etter kvart.

I reglement for kontrollutvalet, vedteke 30.09.13, står det om KUV sitt ansvar for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalet skal, gjennom revisor, kontrollera at økonomien vert forvalta i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, og systematisk vurdere bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangpunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat, og sikra størst mogleg rettstryggleik for innbyggjarane i kommunen.

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal godkjennast av kommunestyret.»

Sidan planen vart vedteken har det ikkje vore gjennomført forvaltningsrevisjons-prosjekt. Bakgrunn for dette er at kontrollutvalet hadde bestilt forvaltningsrevisjonsprosjekt i siste møte i 2012, og var klar til å starte dette opp i 2013. Prosjektet som var tinga var å undersøka internkontrollen til rådmann. Men så kom sak om barnevernsteneste opp, og kontrollutvalet valte å venta med å setja i gong prosjektet ut ifrå både kapasiteten til administrasjonen, og faren for at prosjektet som var tinga av kontrollutvalet skulle «tråkka inn i» det prosjektet som ein såg var i ferd med å bli bestilt av kommunestyret. På sitt møte 17 september 2013 bestemte kontrollutvalet at det ikkje var aktuelt å gjennomføra prosjekt om internkontroll i 2013, også dette med grunngjeving av at det ville vera lite tenleg å gjennomføra dette så lenge granskingssaka om barnevernstenesta pågjekk. Kontrollutvalet valte heller å gjennomføra arbeid med evaluering av gjeldande

plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016. Dette fordi ein såg at svært mange ting som låg til grunn for prioriteringar i plan for forvaltningsrevisjon, nå er endra.

Kontrollutvalet har såleis gjennomført evaluering av plan for forvaltningsrevisjon nå i 2014, og den rullerte planen er sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har i revidert plan vedteke ny prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Samnanger kommune:

1. Intern kontroll og organisering
2. Plan og bygg
3. Personalforvaltning

Drøfting:

Det er nå tid for å bestilla ny forvaltningsrevisjon og kontrollutvalet bør med bakgrunn i den nyleg evaluerte planen vurdere kva prosjekt som skal prioriterast. Etter signal frå kontrollutvalet frå førre møte bør prosjekt nr. 1 veljast, «Intern kontroll og organisering».

Kontrollutvalet bør formulera eit formål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrense prosjektet nærmare, for eksempel ved å formulera problemstillingar som ein vil at revisor skal finna svar på. Ein slik prosess med drøfting i kontrollutvalet vil vera viktig som utgangspunkt for bestilling av prosjektet. Det vil og vera viktig at Deloitte, som skal utføra forvaltningsrevisjonen, deltek aktivt i dette arbeidet.

I revidert plan for forvaltningsrevisjon er prosjektet «Intern kontroll og organisering» omtala med følgjande tema ein ser kan vera aktuelle å setja fokus på:

- Organisering og ansvarsdeling
- System og rutinar knytt til intern kontroll
- Kapasitet og ressursbruk
- Etske retningslinjer

Konklusjon:

Det vert invitert til val av prosjekt innan forvaltningsrevisjon i møtet. Utvalet bør drøfta formulering av formål og problemstillingar, samt definere avgrensingar av prosjektet. Med bakgrunn i denne drøftinga bør kontrollutvalet be Deloitte om å levere forslag til prosjektplan. For å koma i gang med prosjektet kan kontrollutvalet delegera mynde til utvalsleiar, i samråd med sekretariat, om å endeleg godkjenna prosjektplan og oppstart av prosjektet.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «Intern kontroll og organisering» i Samnanger kommune.
2. Deloitte blir bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar som utvalet har gjeve.
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 27/14 Meldingar



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Trygve Hillestad, 55 57 21 08

Vår dato
16.05.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/2419 350
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Oversending av endeleg rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Samnanger kommune

Fylkesmannen viser til tilsynsbesøk i Samnanger kommune 8. april 2014. Innleiingsvis vil vi takke for fin mottaking og konstruktive samtaler. Det er positivt at kommunen opplever tilsynet som nyttig i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Vedlagt følgjer tilsynsrapporten slik vi var samde om i sluttmøtet 5. mai 2014. I tilsynet fann Fylkesmannen grunn til å gje to merknader. Vi minner om at tilsynsrapporten ikkje gjev ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunens samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, men berre tek føre seg dei avgrensa områda det vart ført tilsyn med. Vi minner òg om at tilsynsmetodikken legg ein negativ avviksrapport til grunn. Difor peikar sjølve rapporten berre på avvik og forbetningspunkt.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet er godt forankra i kommuneleiinga både på politisk og administrativt nivå. Til tross for andre krevjande utfordringar dei seinaste åra, arbeidast det konstruktivt med samfunnstryggleik og beredskap på overordna nivå i kommunen. Kommunen utarbeidde heilskapleg ROS-analyse i 2011 og har med det eit grunnlag for det vidare arbeidet. Beredskapsplanen er oppdatert innanfor vesentlege område som varslingslister og oppgåvefordeling, og kommunen har etablert eit system for befolkningsvarsling. Fylkesmannen ønskjer samstundes at arbeidet vert gjeve naudsynt prioritet for å sikre at kommunen tek i vare befolkningas tryggleik.

Heilt til slutt ønskjer vi lukke til med oppfølgingsarbeidet, og minner om at vi gjerne står til rådvelde med informasjon og rettleiing.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
fylkesberedskapssjef

Trygve Hillestad
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Fylkesmannen i
Hordaland

**RAPPORT ETTER TILSYN MED
SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPSARBEIDET
I SAMNANGER KOMMUNE**

8. APRIL 2014

TILSYNSRAPPORT

RAPPORT ETTER TILSYN MED SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAP SARBEIDET I SAMNANGER KOMMUNE

OM TILSYNSOBJEKTET:	
Kommune:	1242 Samnanger
Besøksadresse:	Tyssevegen 217 5650 TYSSE
Postadresse:	Tyssevegen 217 5650 TYSSE
Oato for tilsynet:	8. april 2014
Kontaktperson:	Tone Ramsli

OM TILSYNSFØRANDE MYNDIGHET:	
Fylkesmannen i Hordaland	
Tilsynsgruppe:	Trygve Hillestad Fredrik Arnesen
Tilsynsleiar:	Trygve Hillestad
Spørsmål til rapporten:	Tlf. 901 97 501
Jnr./arkivkode:	2014/2419 – 350

SAMANDRAG AV FUNN:

Etter tilsyn med utvalde område knytt til kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, konkluderer Fylkesmannen i Hordaland med følgjande:

Fylkesmannen fann ingen avvik, men har to merknader etter tilsynet med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Samnanger kommune 8. april 2014.

MERKNAD NR. 1:

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er utarbeidd i 2011, og er såleis moden for revisjon. I det komande revisjonsarbeidet må kommunen fange opp dei endringar i samfunnet som har skjedd sidan noverande ROS-analyse vart utarbeidd.

MERKNAD NR. 2:

Kommunen bør i større grad dokumentere korleis en sikrar heilskapleg og systematisk arbeid innan samfunnstryggleik og beredskap.

Bergen, 19. mai 2014


Trygve Hillestad
tilsynsleiar


Fredrik Arnesen

TILSYNSRAPPORT

INNHALD

1. Innleiing	4
2. Heimeisgrunnlag for tilsynet.....	4
3. Anna sentralt lovverk o.a.....	5
4. Dokumentasjon lagt til grunn for tilsynet.....	5
5. Kva tilsynet omfattar	5
6. Deltaking.....	6
7. Funn (avvik og merknader).....	6
8. Vidare oppfølging.....	7

TILSYNSRAPPORT

1. INNLEIING

Fylkesmannen i Hordaland førte regelfast tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Samnanger kommune 8. april 2014. Før tilsynsbesøket fekk Fylkesmannen tilsendt relevante dokument for tilsynet. 18. mars 2014 vart det halde eit førebuaende møte med Samnanger kommune i Statens hus i Bergen.

Tilsynsdagen tok til med opningsmøte før ein gjekk over til Individuelle samtalar med utvalde personar i kommunen.

Før utsending av tilsynsrapporten blei funn frå tilsynet presentert i eit sluttmøte 5. mai 2014. I sluttmøtet fekk kommunen høve til å kommentere Fylkesmannens funn i tilsynet og korrigere eventuelle mistydingar og uklåre tilhøve.

Fylkesmannens funn ved tilsyn kan bestå av følgjande:

- **AVVIK:** Dvs. brot på krav gjeve i lov- og/eller forskrift
- **MERKNAD:** Dvs. tilhøve som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som kommunen likevel bør følgje opp

Tilsynsrapporten omhandlar berre dei avvik og forbetningspunkt som vart avdekt under tilsynet på dei område det vart ført tilsyn med. Tilsynsrapporten gjev såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.

2. HEIMELSGRUNNLAG FOR TILSYNET

Fylkesmannen er gjennom "forskrift av 18. april 2008 nr. 388 – Instruks for samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet til Fylkesmannen og Sysselmannen på Svalbard" pålagt å føre tilsyn med heimel i gjeldande lov- og forskriftsverk.

Vidare heiter det at Fylkesmannen skal gje råd, rettleie og vere pådrivar for målretta og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i fylket, samt sjå til at fylkeskommunen og kommunane tek omsyn til samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga.

Den direkte heimelen for dette tilsynet går fram av:

- a) Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (§§ 14 og 15)
- b) Forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt

Jf. § 29 i denne lova og § 10 i forskrifta er det Fylkesmannen si oppgåve å føre tilsyn med at kommunane si oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet er i samsvar med lovmessige krav og forventningar.

TILSYNSRAPPORT

3. ANNA SENTRALT LOVVERK O.A.

Andre sentrale lover og forskrifter o.a. med innverknad på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen er mellom anna:

- a) *Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner*
- b) *Lov av 23. juni 2000 nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap*
- c) *Forskrift av 23. juli 2001 nr. 0881 om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid mv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap*
- d) *Forskrift av 4. desember 2001 nr. 1372 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)*
- e) *Lov av 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven)*
- f) *Lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*
- g) *Forskrift av 1. desember 1995 nr. 928 om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*
- h) *Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)*
- i) *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 0847 om brannforebyggende tiltak og tilsyn*
- j) *Forskrift av 26. juni 2002 nr. 0729 om organisering og dimensjonering av brannvesen*
- k) *Forskrift av 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)*
- l) *Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling*
- m) *Forskrift av 26. mars 2010 nr. 489 om tekniske krav til byggverk*
- n) *Veiledning om tekniske krav til byggverk*
- o) *NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger*

4. DOKUMENTASJON LAGT TIL GRUNN FOR TILSYNET

Til grunn for tilsynet blei det lagt fram følgjande relevant dokumentasjon:

- Overordna ROS-analyse
- Plan for beredskapsarbeidet
- Statuskartlegging
- Kommunepanens arealdel 2015-2025
- Kommunedelplan for kystsona 2011-2023 - føresegner og retningslinjer
- ROS brann-redning

5. KVA TILSYNET OMFATTAR

I tilsynsrunde 4 (2012 – 2015) har Fylkesmannen primært vald å rette merksemda mot kommunane si oppfølging av lov- og forskriftskrava som kom med lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivllforsvaret, samt forskrift om kommunal beredskapsplikt. Nærare bestemt inneber dette at ein ved tilsynet har sett på m.a.:

- *Forankring av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet (politisk og administrativt), ref. m.a. forskriftas § 2*

TILSYNSRAPPORT

- Målsetting og målstyring (visjon, langtidsmål, årsmål, andre målformuleringar, rapportering o.a.), ref. m.a. forskriftas § 3 (sjå òg kommunelova kap. 8)
- Kartlegging/ROS-analysar (risiko- og sårbarheitsanalysar), ref. m.a. forskriftas § 2 (sjå òg plan- og bygningslova § 4-3)
- Beredskapsplanlegging/krisehandtering, (planverk, varslingslister, ressursoversyn, samordning), ref. m.a. forskriftas § 4
- Kompetanse (Opplæring og øving), ref. m.a. forskriftas § 7
- Førebygging (beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga (BIS) i ordinært planarbeid, gjennomføring av risikoreduserande tiltak etter fullført ROS-analyse, ref. m.a. forskriftas § 1

6. DELTAKING

Av tabellane under går det fram kven som deltok på kva i samband med tilsynet:

FRÅ FYLKESMANNEN I HORDALAND:

NAMN	FUNKSJON	FØREBUANDE MØTE	OPNINGS-MØTE	INDIVIDUELLE SAMTALAR	SLUTT-MØTE
Trygve Hillestad	Seniorkonsulent	X	X	X	X
Fredrik Arnesen	Seniorrådgjevar	X	X	X	X

FRÅ SAMNANGER KOMMUNE:

NAMN	FUNKSJON	FØREBUANDE MØTE	OPNINGS-MØTE	INDIVIDUELLE SAMTALAR	SLUTT-MØTE
Marit Aksnes Aase	Ordførar		X	X	X
Tone Ramsli	Rådmann	X	X	X	X
Hilde-Lill Våge	Ass. rådmann		X	X	
Ragnhild Lønningdal	Planlegger		X	X	X
Jan Erik Boge	Stabssjef		X	X	X
Kenth Paul Opheim	Teknisk sjef		X		

7. FUNN (AVVIK OG MERKNADER)

Etter tilsyn med utvalde område knytt til kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, fann Fylkesmannen i Hordaland grunn til å kome med to merknader:

MERKNAD NR. 1:

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er utarbeidd i 2011, og er såleis moden for revisjon. I det komande revisjonsarbeidet må kommunen fange opp dei endringar i samfunnet som har skjedd sidan noverande ROS-analyse vart utarbeidd.

GRUNNGJEVING

Kommunen pliktar å ha ein heilskapleg ROS-analyse som omhandlar alle noverande og framtidige risikoforhold og sårbarheitsfaktorar som kan råke kommunen, ref. lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret § 14, nærare utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

TILSYNSRAPPORT

§ 2. Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse

Kommunen skal gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, herunder kartlegge, systematisere og vurdere sannsynligheten for uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen og hvordan disse kan påvirke kommunen.

ROS-analysen skal m.a.:

- Vere forankra i kommunestyret, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, 2. ledd.
- Vere grunnlag for, og samstundes sikre at det ved behov vert utarbeidd meir detaljerte ROS-analysar av avdekte risikotilhøve, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, 5. ledd.
- Vere utarbeidd med medverknad frå relevante offentlege og private aktørar, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, 4. ledd.
- Vere grunnlag for utarbeiding av langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av kommunens samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, pkt. a.
- Danne grunnlag for utarbeiding av kommunen sine beredskapsplanar, og vurdering av behov for utfyllande krise- og beredskapsplanverk på nye område, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4.
- Vurdere tilhøve som bør integrerast i planar etter plan- og bygningslova, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, pkt. b.
- Vere utgangspunkt for val av scenario ved øvingar og vurdering av behov for kompetansehevingstiltak, ref. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7.

MERKNAD NR. 2:

Kommunen bør i større grad dokumentere korleis en sikrar heilskapleg og systematisk arbeid innan samfunnstryggleik og beredskap.

GRUNNGJEVING

Kommunen skal arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap jf. § 3 i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Kommunen skal vidare, jf. same forskrift § 9, dokumentere skriftleg at krava er oppfylte.

TILRÅDING

For å sikre heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, og ikkje minst for å oppretthalde kontinuiteten i arbeidet, er det viktig at samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet vert innarbeidd i kommunen sitt "årshjul".

Det bør vidare utarbeidast langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, gjerne som ein del av kommuneplanens samfunnsdel.

8. VIDARE OPPFØLGING

Fylkesmannen ber om tilbakemelding på tilsynsrapporten innan 16. juni 2014 med skildring av korleis kommunen vil følgje opp merknadene.

1. विद्युत आवेश

विद्युत आवेश एक भौतिक गुण है जो किसी वस्तु को अन्य वस्तु से आकर्षित या प्रतिकर्षित करने की क्षमता प्रदान करता है। आवेश को दो प्रकार में बांटा जा सकता है - धनावेश और ऋणावेश।

विद्युत आवेश का SI इकाई कूलम्ब (C) है। आवेश को आवेश घनत्व (C/m²) या आवेश घनत्व (C/m³) के रूप में भी व्यक्त किया जा सकता है। आवेश को आवेश प्रवाह (C/s) के रूप में भी व्यक्त किया जा सकता है।

विद्युत आवेश का आवेश संरक्षण का नियम है। आवेश का सृजन या नष्ट होना संभव नहीं है। आवेश केवल आवेश के स्थानांतरण के माध्यम से एक वस्तु से दूसरी वस्तु में स्थानांतरित हो सकता है।

विद्युत आवेश का आवेश संरक्षण का नियम है। आवेश का सृजन या नष्ट होना संभव नहीं है। आवेश केवल आवेश के स्थानांतरण के माध्यम से एक वस्तु से दूसरी वस्तु में स्थानांतरित हो सकता है।

विद्युत आवेश का आवेश संरक्षण का नियम है। आवेश का सृजन या नष्ट होना संभव नहीं है। आवेश केवल आवेश के स्थानांतरण के माध्यम से एक वस्तु से दूसरी वस्तु में स्थानांतरित हो सकता है।

विद्युत आवेश का आवेश संरक्षण का नियम है। आवेश का सृजन या नष्ट होना संभव नहीं है। आवेश केवल आवेश के स्थानांतरण के माध्यम से एक वस्तु से दूसरी वस्तु में स्थानांतरित हो सकता है।

विद्युत आवेश का आवेश संरक्षण का नियम है। आवेश का सृजन या नष्ट होना संभव नहीं है। आवेश केवल आवेश के स्थानांतरण के माध्यम से एक वस्तु से दूसरी वस्तु में स्थानांतरित हो सकता है।

विद्युत आवेश का आवेश संरक्षण का नियम है। आवेश का सृजन या नष्ट होना संभव नहीं है। आवेश केवल आवेश के स्थानांतरण के माध्यम से एक वस्तु से दूसरी वस्तु में स्थानांतरित हो सकता है।

Rekneskap pr 24.09.2014

Konto	Konto (T)	Ansvr	Funksjon	Funksjon (T)	Rekneskap	Budsjett	Rev. budsjett
12700	Konsulenttenester	1200	1100	Revisjon	57 666	165 000	165 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	1200	1100	Revisjon	33 388	38 760	38 760
17290	Momsrefusjon drift	1200	1100	Revisjon	-33 388	-38 760	-38 760
			1100	Revisjon	57 666	165 000	165 000
10802	Tapt arbeidsforteneste	1200	1101	Kontrollutval	0	10 000	10 000
10803	Møtegodtgjøring	1200	1101	Kontrollutval	16 340	28 000	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	1200	1101	Kontrollutval	2 304	5 400	5 502
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	1200	1101	Kontrollutval	400	500	500
11150	Matvarer	1200	1101	Kontrollutval	640	1 500	1 500
11501	Kurs/ opplæring	1200	1101	Kontrollutval	15 860	15 000	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjøring	1200	1101	Kontrollutval	0	5 000	5 000
11950	Kontingentar	1200	1101	Kontrollutval	1 300	1 300	1 300
12700	Konsulenttenester	1200	1101	Kontrollutval	20 641	165 201	165 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	1200	1101	Kontrollutval	37 541	99 000	99 000
14290	Betalt mva - komskompensasjon	1200	1101	Kontrollutval	15 720	89 640	89 640
17290	Momsrefusjon drift	1200	1101	Kontrollutval	-15 720	-89 640	-89 640
			1101	Kontrollutval	95 026	330 901	331 003
					156 932	495 901	496 003

MELDINGAR / REFERATSAKER FRÅ KOMMUNESTYRET

Frå kommunestyret 07.05.14:

- Melding om vedtak i kontrollutvalet – Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016
- Melding om vedtak i kontrollutvalet – Revidert plan for selskapskontroll 2012-2016

Saksprotokoll og saksframlegg i dei to referatsakene låg som vedlegg til innkallinga til kommunestyremøtet.

Kommunestyret vedtok i sak 010/14 å ta alle delegerte saker/referatsaker til orientering,

SAKNR. 011/14 ÅRSMELDING 2013

KS-011/14 VEDTAK:

Årsmelding for Samnanger kommune for 2013 vert teken til etterretning.

SAKNR. 012/14 KOMMUNEREKNESKAP 2013

KS-012/14 VEDTAK:

Rekneskapen for Samnanger kommune for 2013 vert godkjend slik han ligg føre.

SAKNR. 017/14 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET FOR 2013

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2013.

07.05.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Leiaren i kontrollutvalet, Jens Harald Abotnes (Krf), orienterte innleiingsvis kva som er kontrollutvalet sine oppgåver og om kontrollutvalet sitt arbeid i 2013.

Svein Røseth (Frp)- medlem i kontrollutvalet- viste til at kontrollutvalet ikkje hadde fått utført alle planlagte konsulentoppdrag i 2013 og at det derfor stod midlar att på budsjettet ved utgangen av 2013. Han spurde om ubrukte midlar kan overførast til 2014. Økonomisjef Nina Erdal orienterte om at eventuell overføring av slike midlar berre kan skje dersom det er overskot på kommunerekneskapen, noko det ikkje var i 2013.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-017/14 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2013.

SAKNR. 018/14 ÅRSMELDING 2013 FRÅ SKATTEOPPKREVJAR OG KONTROLLRAPPORT 2013 VEDRØRANDE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SAMNANGER

07.05.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) viste til framlegget til vedtak som ho hadde sendt ut på e-post 06.05.2014:

Årsmelding 2013 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2013 vedrørande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger vert teken til orientering. Kommunestyret merkar seg kontrollutvalet sitt vedtak i saka i to punkt, og ein vil følgja opp desse punkta mellom anna i økonomiplanarbeidet.

Framlegget til Marit Aase vart samrøystes vedteke.

KS-018/14 VEDTAK:

Årsmelding 2013 frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2013 vedrørande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger vert teken til orientering. Kommunestyret merkar seg kontrollutvalet sitt vedtak i saka i to punkt, og ein vil følgja opp desse punkta mellom anna i økonomiplanarbeidet.

Fra: Per Ivar Sugar (Per.Ivar.Sugar@kommuneforlaget.no)
Sendt: 09.05.2014 14:51:00
Til: Mildrid Bertelsen
Kopi:

Emne: Nytt Styrevervregister
Vedlegg:
Til Mildrid Bertelsen, HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Heil

Du mottar denne e-posten fordi du er registrert som kontaktperson for Styrevervregisteret.

Som tidligere meldt fra KS, vil KS lansere en ny utgave av Styrevervregisteret i begynnelsen av neste uke. Her kommer litt informasjon om hva som er gjort:

Følgende informasjon er sendt ut:

- E-post til ordførere og rådmenn
- E-post til kontaktpersonene
- E-post til berørte personer

Personer uten e-postadresse i registeret er ikke varslet av oss

Den største endringen for deg som kontaktperson er at ordningen med at du sender ut varsel to ganger årlig, bortfaller. Denne oppgaven vil bli utført sentralt en gang i året. Vi tar sikte på å gjøre dette i begynnelsen av desember hvert år. Din viktigste oppgave vil være å holde personopplysningene oppdatert. Det er spesielt viktig at den personlige e-postadressen er gyldig.

Du har fortsatt mulighet til å sende ut e-post med personlig tilgangslenke, men det er bare behov for å gjøre dette når nye personer legges inn.

For vervinnehaverne er det større endringer:

- Roller og verv i Brønnøysundregistrene er innhentet og lagt inn i registeret
- Alle opplysningene vil bli publisert for alle, ordningen med krav om samtykke bortfaller
- Samtlige folkevalgte, ledere, beslutningstakere og personer med innstillingsrett vil bli publisert
- Samtlige personer tilknyttet selskapene vil bli publisert
- Det vil være mulig å logge på med MinID
- Mulighet for å bestille e-post med personlig tilgangslenke på nett

Du kan se hvem som er publisert for din kommune her:

<http://www.styrevervregisteret.no/Default.aspx?municipalityno=1200>

(NB: Ny liste i begynnelsen av neste uke)

Nye brukerveiledninger vil bli lagt ut i neste uke. De finner du her:

<http://support.kommuneforlaget.no/kfsupport/kommuneregisteret>

Vi håper endringene vil gjøre registeret mer tilgjengelig og mindre arbeidskrevende.

Hilsen

Per Ivar Larsen Sugar
Systemansvarlig IKT
Kommuneforlaget AS

Haakon VIIIs gt. 9
Postboks 1263 Vika
0111 Oslo

tlf: 24 13 28 54

www.kommuneforlaget.no

Selskapskontroll BRB

Status pr august 2014

Business
Region Bergen

Anbefalte tiltak

1. Ferdigstille fullmaktstruktur og styreinstruks
2. Sikre at samarbeidsavtaler avklarer roller og forventninger mellom partene
3. Tydeliggjøre ansvarlinjer mellom tiltakseier, eierkommuner og andre samarbeidsaktører i samsvar med lov om offentlige anskaffelser
4. Utarbeide skriftlige rutiner for innkjøp og kontraktsoppfølging
5. Etablere system for å registrere og følge opp avvik ift størrelse og risiko for virksomheten
6. Innføre styrevervs registrering, årlig egenevaluering av styret, plan for kompetanseutvikling
7. Utarbeide skriftlige rutiner for budsjettering, oppfølging og rapportering
8. Etablere system og rutiner for prosjektstyring og oppfølging
9. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleide ressurser
10. Vurdere behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eiere ang ressursbruk
11. Lage plan for iverksetting av anbefalte tiltak inne 01.03.2014

Gjennomførte tiltak

1. Ferdigstille fullmaktstruktur og styreinstruks
2. Sikre at samarbeidsavtaler avklarer roller og forventninger mellom partene
4. Utarbeide skriftlige rutiner for innkjøp og kontraktsoppfølging
6. Innføre styrevervs registrering, årlig egevaluering av styret, plan for kompetanseutvikling
7. Utarbeide skriftlige rutiner for budsjettering, oppfølging og rapportering
9. Utarbeide retningslinjer for bruk av innleide ressurser
10. Vurdere behov for at selskapet i større grad rapporterer til alle eiere ang ressursbruk
11. Lage plan for iverksetting av anbefalte tiltak inne 01.03.2014

Gjenstående tiltak

3. Tydeliggjøre ansvarslinjer mellom tiltakseier, eierkommuner og andre samarbeidsaktører i samsvar med lov om offentlige anskaffelser
 - 50% gjennomført
 - Ferdigstilles november 2014 som en del av revidert SNP
5. Etablere system for å registrere og følge opp avvik ift størrelse og risiko for virksomheten
 - 75% gjennomført
 - Ferdigstilles september 2014
8. Etablere system og rutiner for prosjektstyring og oppfølging
 - 50% gjennomført
 - Ferdigstilles september 2014

Fremdriftsplan

Prosjekt		Tiltak	Selskapskontroll	Milepæl																									
Ansvar		Karen		Gjennomføring																									
Oppdatert		16.jul		Gjennomført	August 2014					September 2014					Oktober 2014					November 2014					Desember 2014				
Oppgaver / Aktiviteter		Ansvar	uke 33	uke 34	uke 35	uke 36	uke 37	uke 38	uke 39	uke 40	uke 41	uke 42	uke 43	uke 44	uke 45	uke 46	uke 47	uke 48	uke 49	uke 50	uke 51	uke 52							
			mt	ot	f	mt	ot	f	mt	ot	f	mt	ot	f	mt	ot	f	mt	ot	f	mt	ot	f						
Rapportert til styret		OH																											
Rapport til HFK																													
Styrehandbok																													
Økonomihåndbok																													
Kap 6	2	Sikre samarbeidsavtaler	KO																										
		Godkjent i BRB styret																											
Kap 6	4	Innkjøp og kontraktsoppfølging	KO																										
		Godkjent i BRB styret																											
Kap 7	5	Registrere og følge opp avvik ift størrelse og risk - RISK analyse(?)	KO																										
		Godkjent i BRB styret																											
Kap 3/5	7	Budsjettering, oppfølging rapportering	KO																										
		Godkjent i BRB styret																											
Kap 6	9	Utarbeide retningslinjer for bruk av inneleide ressurser (smheng med pkt 4)	KO/OH																										
		Godkjent i BRB styret																											
Kap 5	10	Vurdere rapportering til alle eiere ang. ressursbruk	OH																										
		Godkjent i BRB styret																											
		Se pkt 9. samme til eiere																											
Prosjektstyring																													
	8	Etabl system og rutiner for prosjektstyring og oppfølging	KO																										
		Godkjent i BRB styret																											
Revidert strategisk næringsplan (SNP)																													
	3	Tydeliggjøre ansvarslinjer mellom tiltakseier, eierkommuner og andre	VT																										
		Godkjent i BRB styret																											



Deloitte AS

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/125
Vår dato: 17.09.2014

Partsbrev - Tinging prosjektplan etter plan for selskapskontroll i Kvam herad

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Kvam herad
Ordførar
Rådmann
Utvaleiar

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/125-6
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	26/14	15.09.2014

Tinging prosjektplan etter plan for selskapskontroll i Kvam herad

Bakgrunn for saka:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyder slik:

*”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.
Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”*

Heradsstyret handsama ”Plan for selskapskontroll for Kvam herad for perioden 2012 – 2016”, etter innstilling frå kontrollutvalet, som sak 121/12 i møte 06.11.2012 og det var gjort slikt vedtak:

- 1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.*
- 2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012*
- 3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.*
- 4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til heradsstyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatane av desse.*
- 5. Når det av kommunale midlar vert ytt tilskot til verksemder / aktivitetar som ikkje er underlagt kommunal kontroll, skal det innarbeidast standard atterhald om kontroll. I slike høve skal det takast atterhald om at heradet sin revisor kan setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Heradet og heradet sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsynt for sin kontroll.*

Plan for selskapskontroll vart revidet og ny prioritering vart vedteke av kontrollutvalet i møte 11.04.2014 sak 15/14

Etter revidert plan er prioritering av selskap slik:

Prioritet	Selskap / Prosjekt
1	Storeholmen VTA AS
2	Kvam Kraftverk AS (med hovudfokus på breibandssatsinga)
3	Eigarstyring
4	Hardangerrådet IKS
5	Kvam Bompengeselskap AS

I denne saka vert kontrollutvalet invitert til å starta eit arbeid i høve eigen plan for selskapskontroll.

Prosjekt nr. 1 Storeholmen VTA AS har fleire eigarar. I tillegg til Kvam herad er Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune samt to mindre private, eigarar av selskapet.

I kontrollutvalsboka, (s 114) utgjeven av Kommunal og regionaldepartementet i 2011 kan ein lese slik om delt eigarskap mellom fleire kommunar:

Delt eierskap mellom flere kommuner

Dersom selskapet som skal kontrolleres eies av flere kommuner, vil det være hensiktsmessig at kontrollutvalgene i eierkommunene samordner kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet. Dette vil også bidra til å effektivisere ressursbruken i kontrollutvalgene. I slike tilfeller må kontrollutvalgene i de respektive kommunene bli enige om blant annet:

- Hvilken oppdragstaker skal gjennomføre kontrollen?
- Hva skal kontrollen omfatte og hvordan skal kontrollen gjennomføres (prosjektplan/bestilling)?
- Hvordan skal kostnadene fordeles mellom kontrollutvalgene?
- Hvordan skal selskapskontrollen rapporteres og følges opp?

I mange tilfeller vil det være kontrollutvalget i kommunen med størst eierandel som tillegges et overordnet ansvar for samordning. Kostnadene fordeles gjerne etter størrelsen på eierandelene til den enkelte kommune. Det er ikke nødvendig at alle eierkommunene er med for at noen kontrollutvalg skal kunne gjennomføre en selskapskontroll.

Hvordan selskapskontrollen skal innrettes i slike samarbeid, kan klargjøres allerede når selskapet blir etablert, ved at vedtektene for selskapet kan angi hvilke av eierkommunene som skal ha et overordnet ansvar for å samordne selskapskontrollen. En slik avtale om samordning kan også tas inn i en selskapsavtale mellom

eierkommunene. Slike avtaler vil imidlertid ikke begrense plikten og mulighetene den enkelte eierkommune har til å drive selskapskontroll.

I Storeholmen VTA AS er det og to private eigarar. Det må etter sekretariatet si meining avklarast om ein kan gjennomføre selskapskontroll av selskapet som om det var eit § 80 selskap.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet bør gjere vedtak om at det skal gjennomførast selskapskontroll i Storholmen VTA AS

Utvalet bør på bakgrunn av eit slikt vedtak invitere dei andre eigarane til å delta i selskapskontrollen. Kontrollutvalet bør og be revisor om å avklara med dei private eigarane i selskapet at det kan gjerast ein selskapskontroll som om Storeholmen var eit § 80 selskap.

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet vil gjennomføre selskapskontroll i Storholmen VTA AS
2. Revisor får i oppdrag å avklare med dei private eigarane i selskapet om innsyn t,il kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak om tinging av prosjektplan og invitasjon til dei andre eigarane til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 15.09.2014

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vil gjennomføre selskapskontroll i Storeholmen VTA AS
2. Revisor får i oppdrag å avklare med dei private eigarane i selskapet om innsyn til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak om tinging av prosjektplan og invitasjon til dei andre eigarane til kontrollutvalet sitt møte 20.10.2014

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2014/232-3
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	28/14	01.10.2014

Gjennomgang av møteprotokollar

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 07.05.14, 18.06.14, 28.08.14 og 24.09.14.
- Formannskapet 04.06.14, 25.06.14, 21.08.14 og 10.09.14.
- Utval for oppvekst og omsorg 20.05.14 og 02.09.14.
- Naturutvalet 21.05.14, 17.06.14, 03.09.14 og 23.09.14.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 29/14 Eventuelt